



Foto: Rolf M. Sørensen.



Foto: Terje Rakke.



Guida turar

– for bussgrupper eller mindre grupper. Guiding på Værlandet og i Bulandet (no./eng.). Tilbyr også guida sykkel- og fotturar. **Info og påmelding: Ruth Bakke, e-post: ruth.bakke@eninvest.net • tlf. 41 63 79 97 / 57 73 11 51**



Pakketur!

Overnatting i 2 døgn m/frukost, middag og guida tur. Kr. 1.500,- pr. vaksen (minimum 2 pers.). Barn under 12 år, halv pris. **Kontakt-tlf.: 99 55 78 57. E-post: gamleskulen@hotmail.com**

Redningsdåd

På Hillersøyhaugen står byster av Berte Hillersøy og Hansine Tistel, som saman med skulelærer Rogne redda sju av mannskapet frå skonnerten «Gugner» av Tønsberg i februar 1885. Den forliste ved Sengskjeret sør for Bulandet etter å ha kjempa mot stormen i flere dagar. For denne redningsdåden fekk Berte (25 år) og Hansine (21 år) kvar si redningsmedalje for edel dåd av 2. klasse. Bystene er laga av keramikar Ingun Dahlin og står på soklar av Black Beauty frå Værlandet.



Havkajakk

Nybegynnarkurs i Bulandet:

06.-07. og 25.-26. juli.

Njord Storm Samling 16.-18. oktober.

Nybegynnar-, teknikk-, aktivitetsleder-, rockhopper-kurs.

Utleige av kajakk frå Askvoll.


Sørværet Naturreservat og Alden

Sørværet Naturreservat er verna som eit heilskapleg våtmarksområde ut frå fleire særreigne kvalitetar. Hekkeområde for sjøfugl er ein av desse. Det er merka sti inn i området og utarbeidd grundig informasjon om flora og fauna. Etterkvart skal informasjonscenteret i Værøyhamna gje utfyllande informasjon om artsmangfald og økosystem i reservatet.



Like ved Værlandet ligg Alden, også kalla «Den Norske Hest». Alden er eit markant seglingsmerke på kysten, der den stig nærmast loddrett opp av havet, 481 meter og synleg meir enn 100 km til havs. Det er merka tursti til toppen. **Kontakt Værlandet Båt for båtskysst til Alden.**

- a Værlandet Handel a/s, tlf. 57 73 01 20
butikk/ ferje/sykkellutleige/buss.
- b Værlandet Ride- og aktivitetsgard.
- c Landøy Steinindustri.
- d Landøy Fiskeoppdrett.
- e Værlandet Båt, tlf. 57 73 11 28
sykkellutleige/souvenirar /gjestekai/diesel/kafé.
- f Værlandet Gjestehjem
- g Værlandet Garnmontering
- h Nordsjøløypa
- i Rutebåtkai i Bulandet
- j Gamlehuset (overnatting)
Tlf. 97 09 26 91



BULANDET & VÆRLANDET

 Guide 2009



Norges vestlegaste fiskerisamfunn

Foto: Terje Rakke.

«Langt ute mot vest der havet storfelt bryt – der mange holmar, øyer opp seg skyt. Og om du tel dei, vil du få til svar – at talet er som året dagar har...»



Turistinformasjon tlf. 57 73 90 20
www.jensbua.no

E. NAVIK PRENTVERK AS, FLØRD

 FjordKysten

... våre små hemmelegheiter



I naturen si hand gjennom hundrevis av år



Silda har gjennom historia vore sentral for matforsyning og sysselsetting. Det store vårsildfisket starta på 1700-talet og på 1800-talet var det vintersildfisket som gav stor aktivitet. Under det siste store fisket i 1935–1955 var det fleire hundre personar i arbeid. Fiskerieringa har utvikla seg i takt med tida. Bulendingane har investert i moderne båtar, og 5 kystnotbåtar saman med Bulandet Fiskeindustri danner i dag grunnlaget for sysselsetting og busetting. Dei 250 fastbuande livnærar seg i hovudsak av ei moderne fiskeriering med farty og filèt-fabrikk. Bygda sine mange servicetilbod spenner frå butikk, bank, post, gjestehamn, frisør, galleri og massør, til havfiske og padling. Dei moderne sjøbuene og utleiehyttene tek imot deg som ynskjer avslappande dagar, med frisk havluft og hyggelege menneske.



Heilt fram til nyare tid dreiv småbruka med sauehald og kyr, som sumde frå øy til øy for å beite. I dag finst det kun storfe på eit bruk på Melvær. Den frodige vegetasjonen er elles eit særmerke for øyriket. Her er ein rik flora, med bl.a. den freda Schilla Verna (Blåstjerne) som berre veks få andre stader i Noreg. Dei flate øyane i Bulandet som er bygde opp av devonske avsetningsbergartar (konglomerat), skil seg tydeleg frå det meir kupert kystlandskapet lenger inne i landet. Om sommaren danner dette eit idyllisk og gjestfritt Atlantis i blodraud solnedgang, men menneska vert små her ute når vinterstormane rasar og hav og himmel står i kok.

Bulandet har eit rikt kultur- og organisasjonsliv. Organisasjonane har sine samlingshus, og idrettslaget har bygt idrettsbane. Ungdomslaget har bygd om det gamle skulehuset til ungdomshus for bygda. Her finn du m.a. temaparken **(8)** «Bulandet i fortid og notid», eit bygdemuseum som gjev eit heilskapleg bilete av livet i øysamfunnet. **Ope 1. juni –20. august, sundag, måndag, onsdag og fredag kl. 13–16.**

Fakta om geologien på Værlandet og Bulandet

I Bulandet og Værlandet fortel naturen sjølv si skapelseshistorie med særmerkte fjellformasjonar og unik geologi. For 400 millionar år sidan førte kontinenta sine rørsler til at Vest-Noreg kolliderte med Grønland. Gamal havbotnskorpe vart pressa opp til fjellområde med dimensjonar tilsvarande Himalaya i dag. Så begynte nedbrytinga av fjellkjeden. Avleiringer av grovt materiale, slik som ur og sand, la seg i elvesystema i dalstrøka. Etter lang tid og høgt trykk vart fjellkjeden omdanna til det vi i dag kjenner som grønsteins-breksje og konglomerat. Den gamle havbotnskorpa ser vi i dag som grønstein. Desse steinartane danner grunnlaget for 7–8 arbeidsplassar knytt til eksport og vidareforedling av naturstein. **(c)**



Bulandet er Noregs vestlegaste samfunn

og blir ofte kalla «Nordens Venezia» med sitt mylder av øyer. Vel 15 av dei største øyane er i dag busette, og med unntak av Sandøy er dei bundne saman med bruer og fyllingar. Før jul 2003 opna Nordsjøporten, den nye vegen, som bind saman Bulandet og Værlandet med 6 nye bruer og 5.240 meter ny veg. Nordsjøporten er ikkje berre ein viktig veg for samferdsle og kommunikasjon her ute, men også ei fantastisk reise gjennom øyriket. Den største naturopplevinga får du om du tek beina fatt og enten går eller sykklar over bruene. Syklar kan du leige på Værlandet Handel **(a)**, Værlandet Båt **(e)** eller Nikøy AS i Bulandet. Førehandstinging kan vere lurt i høgsesongen.

Værlandet

På Værlandet bur det ca. 200 innbyggjarar. Fiske og oppdrett er dei viktigaste næringsvegane, men reiseliv og eksport av høgkvalitets naturstein (grønsteinsbreksje) til Italia, er næringar i vekst.



Værøyhamna

Værøyhamna er den mest tettbygde delen på Værlandet. Den vesle vågen er omkransa av pittoreske sjøbuer som alle enno er i bruk til ulike føremål. Ved Værlandet Båt **(e)** sin verkstadbygning i hamna er det no kafé og marina. Her er det høve til å leige diverse utstyr og melde seg på tilrettelagde turar og aktiviteter. Naboverksemda, Værlandet Garnmontering **(g)**, kan tilby div. utstyr til deg og båten din. I hamna ligg òg rogavlen «Makrelen» frå 1920-åra. Denne kan leigast til kortare utflukter, t.d. til Alden.

Nordsjøløypa og Klettane

Nordsjøløypa **(h)** på Værlandet kryssar øya frå ferjeleiet til Loran C-stasjonen på vestsida. Store delar av løypa følgjer den gamle skulevegen mellom Myrvågen og Sørgarden. Løypa tek deg med inn i eit trolsk eventyrlandskap der ho slyngjer seg fram mellom bratte fjellformasjonar og stille ferskvatn med salt Atlanterhav på alle sider. Løypa er godt merka. Utfyllande informasjon om kultur- og naturkvalitetar på eige fakta-ark. Gangtid ca. 1 time og 30 min.

Klettane er Værlandet sitt mest karakteristiske kjennemerke. Til toppen av Høgkletten er det montert kjetting langs stien som sikrar deg ein trygg tur opp til dette spesielle utsiktspunktet 163 meter over havet. Stien tek av frå Nordsjøløypa og er skilta.

Turforslag Bulandet ved øyhopping

Følg bygdevegen opp frå butikken **(12)** og til høgre. Etter ca. 500 m. kryssar du ei lita bru, og på venstre hand ligg Bulandsheimen **(11)**. Følg vegen vidare, og du kjem til eit vegkryss som er rikeleg skilta. Tek du vegen til venstre, kjem du til Bulandet Ungdomshus **(8)**, som huser «Bulandet Temapark». For å få ei god oversikt over heile Bulandet, følgjer du vegen vidare forbi ungdomshuset, og går stien opp til Halsøyhågen **(17)**. Her er det flott utsikt og bord og benker med kart over øyane. På Galleri Havblink **(16)** kan du kanskje kjøpe med deg eit ferdaminne frå turen? Herfrå er vegen kort til Pernillestø **(5)**, med sal av fiskesuppe. Du kan òg gå av båten ved Pernillestø, her er det kort veg til galleriet. God tur og nyt Bulandet!



Turtips til øyhopparar

Ta tidleg ferje frå Askvoll kl. 09.15. Ting sykkel hjå Værlandet Handel **(a)**, eller Værlandet Båt **(e)**. Bruk dagen på naturopplevingar i Værlandet og sykkeltur over bruene til Bulandet. Lever sykkelen på Nikøy-butikken før du held fram øyhoppinga med båt til Solund. Alternativt kan du tinge sykkel levert ved enden av Nordsjøløypa. Du får utlevert nøkkel og sykkelen står klar og ventar på deg når du har tilbakelagt første etappe til fots. **Øyhopping måndag – fredag, 1. juni – 31. august.**

- 1 Plassen, Gjørøybua og Loftet
 - 2 Gamlestaua
 - 3 Bualemmen
 - 4 Pernillestø – sal av fiskesuppe
 - 5 Rorbu
 - 6 Bulandet Temapark
 - 7 Skogbu
 - 8 Souvenirbua
 - 9 Bulandsheimen
 - 10 Rutebåtkai/gjestehamn /butikk sykkelutleige / kafé 09–18. Tlf. 57 73 21 44
 - 11 Kyrkja
 - 12 Bulandet Fiskeindustri
 - 13 Massør
 - 14 Galleri Havblink
 - 15 Utsiktspunkt
 - 16 Skulptur
 - 17 «Floren» – selskapslokale og «Skamklyppen» – frisør
- 2,3 Feriehus, tlf. 57 73 21 19 / 91 31 71 94
 1 Utleiehytte, tlf. 57 73 21 28
 4,5 Rorbuutleige, tlf. 57 73 21 72 / 91 64 71 96
 7 Utleiehytte, tlf. 57 73 21 30

